



Arkivnr: 2018/596-8
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Fylkesrådmannen orienterer om status i høve innføring av ny personvernlov

Bakgrunn for saka:

EUs personvernforordning, General Data Protection Regulation (GDPR) er vedteken og vart gjeldande for Noreg frå 20. juli 2018. Dette medfører ei rekke endringar i norsk personvernlovgiving. All handsaming av personopplysningar skal gjennomførast i tråd med dei nye lovreglene. Arbeid med å tilrettelegge for å sikre oppfølging av regelverket vil difor vera ei viktig oppgåve for kommunane i tida framover.

Kontrollutvalet fekk orientering om status for dette arbeidet i møte 05.02.18 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen til neste møte svare skriftleg på dei 7 spørsmåla som går fram under drøftingspunktet over når det gjeld status i arbeidet med tilpassing til ny personvernlov. Det skriftlege svaret bes levert sekretariatet innan 27.02.2018.*
2. *I tillegg ber kontrollutvalet fylkesrådmannen om å komme i møte 12.03.2018 for å orientere munnleg om saka.*

Dei 7 spørsmåla det vert vist til i punkt 1 i vedtaket lyd slik:

1. Er det nokon som jobber med ny personvernlov?
2. Er det laga protokoll som viser kva som er samla inn av personopplysningar?
3. Er det inngått databehandlaravtalar, og er desse oppdatert?
4. Er det oppretta personvernombod/rådgiver?
5. Er personvernerklæringa oppdatert?
6. Er det innebygd personvern i datasystemer?
7. Er det vurdert å få vennligsinna hackere til å teste datasystemer?

Kontrollutvalget handsama saka på nytt i møte 12.03.2018 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med skriftleg og munnleg orientering om korleis tilpassinga til ny personvernlov har gått i møte i utvalet 24.09.2018.*

2. *Den skriftlege orientering bes sendt sekretariatet innan 10.09.2018.*
3. *Informasjonen vert elles teken til orientering.*

Personvernombod, Marianne Seim, og konst. fylkesrådmann, Ingrid Kristine Holm Svendsen, orienterte i møte 24.09.2018 i tråd med punkt 1 i vedtaket over og det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med ny skriftleg og munnleg status i høve tilpassinga til ny personvernlov i møte i utvalet 06.05.2019.*
2. *Den skriftlege statusen bes sendt sekretariatet innan 23.04.2019.*
3. *Informasjonen vert elles teken til orientering.*

Drøfting:

Sekretariatet har mottatt vedlagte skriftlige orientering i tråd med punkt 2 i vedtaket over. Av den skriftlege tilbakemeldinga går det fram at fylkesrådmannen har sett i gang mange positive prosessar og kome langt for å få på plass rutinar, prosedyrar mv. for å sikre at Hordaland fylkeskommune tilpassar seg ny personvernlovgeving. Det er likevel ein god del arbeid som gjenstår før alt er på plass. På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet be om ny skriftleg og munnleg status i høve tilpassinga til ny personvernlov i løpet av hausten 2019.

Det er også avtalt at personvernombod, Marianne Seim, deltar på video frå Bergen, i felles møte med kontrollutvalet i Sogn og Fjordande fylkeskommune 06.05.2019, for å gje kontrollutvalet ei orientering i tråd med punkt 1 i vedtaket over. Drøfting og konklusjon i saka vert å gjennomføre i møte i kontrollutvalet dagen etter, 07.05.2019.

Konklusjon:

På bakgrunn av den skriftlege orienteringa, og dersom det ikkje kjem fram noko nytt i den munnlege orienteringa, vert det tilrådd at kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om ny skriftleg og munnleg status i høve tilpassinga til ny personvernlov i løpet av hausten 2019.

Forslag til vedtak

1. *Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med ny skriftleg og munnleg status i høve tilpassinga til ny personvernlov i møte i utvalet 25.11.2019.*
2. *Den skriftlege statusen bes sendt sekretariatet innan 04.11.2019.*
3. *Informasjonen vert elles teken til orientering.*

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.